

Deltema 1: Kulturminne og kulturmiljø

Kulturminne og kulturmiljø vil i ulik grad vera synleg i landskapet i dag. I somme område vil historiske utviklingslinjer kunne lesast og vera eit framtrudande trekk, medan i andre område er kulturhistoria mindre framtrudande eller svekka. Her vil me vurdere korleis den fysiske kulturarva framtrer i landskapet i dag.

Komponent	Stikkord
Historisk utviklingstrekk	Dei lange tidslinene i landskapet
Eldre landskapselement	Forhistoriske spor, busetting, gravminne, dyrkingsspor
Historisk kontinuitet/brot	Kontinuitet og brot i den fysiske kulturarva i landskapet
Næringsvegar i landskapet	Jordbruk, fiske, bergverk, industri
Bygningsmiljø	Gardstun, utmarksbygningar, anna busetting
Menneskeskapte strukturar	Vegar, bruer, steingardar, gjerder, skiftesteinar, gravhaugar

Det er ikkje registrert forhistoriske spor innanfor planområdet. Det er ingen landbruksbygningar i området i dag, og heller ikkje observert spor etter utmarksbygningar eller anna relatert til landbruksnæringa. Bygningsmiljøet er i dag prega av fritidsbusetnad, og det same gjeld dei andre menneskeskapte strukturane i landskapet. Ein finn somme brot i den historiske kontinuiteten i området, i hovudsak kring 1930 og 1970. I fyrste rekke knyter dette seg til brotet frå utmarksområde til område for fritidsbusetnad. Dette brotet er å finne i nærområdet kring 1970 med seinare utbyggingar i tiåra etter, som leia fram til reguleringsplanen for Nordre Buvika i 1998. Iløpet av dei siste 40 åra har soleis området vorte meir prega av fritidsbusetnad enn tradisjonell bruk av utmarka. Planforslaget representerar ei vidareføring av denne trenden.

Det har tidlegare vore teke ut kvarts nordaust i planområdet, m.a. med levering til Bjølvfossen smelteverk. Lokaliteten er ikkje lagt inn i kommunedelplan for kulturminne i Sveio. Førekosten ligg like nord for badeplassen lengst NØ i planområdet. Uttaket er eit dagbrot frå 1930-talet, og hadde ein produksjon på 1000 tonn. Brotet er i dag avvikla, men framleis synleg i landskapet. Det er frå NGU og DMF ikkje opplyst å vera attverande, drivverdige ressursar i området.

Kvarts er eitt av dei mest vanlege minerala, og har vore nytta i glas- og stålindustri. Sveio har tradisjonelt vore rekna som ei næringsfattig kommune, og i lyset av dette har lokaliteten lokalhistorisk interesse. For å framheve dette industrielle kulturminnet, tilrår ein at faste landskapsspor vert vist som omsynssone for kulturminne h570. Det er opplyst at ein skal sette opp informasjonsskilt om lokaliteten ved badeplassen. Det vil gje positive konsekvensar for både kjennskapen og opplevinga av kulturminnet, og kunne betre kunnskapen om mineraldrift som næringsveg i mellomkrigstida.

Ein merkar seg at planforslaget rommar mindre område for masseuttak, som skal nyttast til utbygging av tiltak i sjø. Gitt området sin tradisjon for steinuttak, er det ut i frå ein kulturhistorisk ståstad interessant at ein vil nytte lokal stein til etablering av tiltak i sjø. På 1930-talet skjedde det utskipping av stein frå staden, medan vika i dag i hovudsak er nytta til fritidsrelaterte aktivitetar i sjøen. Her er soleis fleire fellesnemnarar i bruken av areala, trass i dei nemnde historiske brota i landskapet.

Det er elles ikkje registrert korkje automatisk freda eller nyare tids kulturminne i planområdet.

Området sine kulturminne er vurdert å ha låg verdi, omfanget er svakt positivt, som gjev ein liten positiv konsekvens (+) for kulturminne.